

Innspel frå Aurland Kommune/ Aurland Hamnevesen KF

Skipsfart og rutetrafikk på fjorden medfører utslepp som bør reduserast. Aurland Kommune og Aurland Hamnevesen KF er difor positive til kartlegging av utslepp både når det gjeld til luft og til sjø. Hamnevesenet stiller gjerne eigne målingar og undersøkingar til disposisjon.

Å få fram eksakte tall og kunne dokumentera effekten av desse, bør danna grunnlag for vidare tiltak og rammevilkår. Strengare reglar og tiltak må og gjennom ein kost/nytte vurdering.

Cruise og båttrafikk på fjorden har stor positiv effekt for næringsliv og verdiskaping i kommunen. Reiselivet er i stor vekst og om lag 25 prosent av dei yrkesaktive jobbar direkte i reiselivet. Reiselivet i Flåm gjev og ein stor overrissingseffekt til verdiskaping i andre bransjar og for regionen.

Kommunen ynskjer å oppretthalda besøket på fjorden. Trafikk på fjorden har stor økonomisk betydning. Fjordane er ei unik oppleving, og kommunen ynskjer å dele «fjordproduktet» med dei som kjem hit. Framtidige tiltak lyt difor gjerast utan at det på påverkar trafikken. Utviklinga vidare lyt være berekraftig, då med eit likeverdige fokus på økonomi, samfunn og miljø. Det grønne skifte skal fremja utvikling og vekst, ikkje være til hinder for dette. .

Når det kjem til cruise anslår Innovasjon Norge at ein cruisegjest legg igjen 860,- per dag. Det vil då sei at med 240 389 passasjerar i 2016 er det snakk om 206 734 540,- i årleg omsetning for destinasjon/region. I tillegg til dette ligg hamneavgifter på om lag 42,- pr. passasjer, noko som utgjer 10.1 millionar.

For lokalbåtane er det i 2016 registrert 421 306 reisande. Med ein billett pris på gjennomsnittleg 300,- inkludert kjøp om bord utgjer dette 126 391 800,- i omsetning. Dei største drivarane her er Norway in a nutshell og gruppereisande.

I tillegg til dette kjem og RIB-båtar med om lag 16 000 passasjerar årleg.

Utvikling dei siste åra:

	2014	2015	2016	2017 (estimert)
Cruise	203 882	180 196	240 389	246844
Lokal båt trafikk		363 141	421 306	475 000
Flåmsbana	704 478	781 427	926 532	925 000
RIB	12 000	16 000	20 000	23 000

I 2017 er det venta 141 cruis anløp til Flåm. Dette er 20 skip mindre enn 2016, men passasjertal er om lag det same om ein reknar 90 % belegg på skipa. Skipa blir nyare og større.

Det er i alt 17 fartøy som opererer fast i Nærøyfjorden. I tillegg til dette 4 RIB-båtar slik det ser ut for 2017.

Om ein ønsker fleire og strengare krav til fartøy og utslepp, bør dette gjelde nasjonalt. Krav må være heimla i gjeldande lovverk og føreseger. Å fastsetje sær-krav for fartøy på enkelte fjordområde er uheldig då fartøyet lovleg kan operere i andre farvatn. Ulike reglar kan og føre til konkurransevriding.

Det bør og etablerast fleire og meir omfattande støtteordningar for investeringar i miljøvennleg teknologi på eit statleg plan.



Aurland kommune
-det naturlege valet



Aurland
Hamnevesen KF
harbour authority

Kva gjer Aurland Hamnevesen og Aurland Kommune:

- Differensiert hamneavgift gjennom environmental ship index.
- Bidratt til infrastruktur for hybridbåten «Vision of The Fjords».
- Legge til rette for miljøvennlige løysningar.
- Satt ei grense på 5000 cruisepassasjerar på same tid.
- Seier ifrå om det er noko me reagerer på. Har til dømes rutinar på rapportering av skip.
- Være opne og transparente, svare på spørsmål og bidra med informasjon.
- Delta på forum der ein kan tileigne seg kunnskap og erfaringar.
- Besøk i andre hamner og destinasjonar. Dømer på dette er Venezia, Hamburg og Glacier Bay.
- Oppfordra til meir kommunikasjon og samhandling mellom dei ulike interessefelta.

I tillegg har hamnevesenet i samarbeid med Bellona utarbeida ein plan for landstraum. Dette prosjektet vart kvalifisert til støtte, men nådde ikkje fram hjå ENOVA.

Aurland Kommune og Aurland Hamnevesen KF ynskjer å få innsyn i, og moglegheit for å kommentere det ferdige produktet før det blir gjort endeleg. Ynskjer og å bli høyrte før det eventuelt blir gjort nokre tiltak.



Jon Olav Stedje
Assisterande hamnesjef